

Rapport

Leirvik fyrstasjon som arena for kultur og oppleving

Saksnr 2015/2152

Stord kommune fekk i 2015 tilsagn frå Hordaland fylkeskommune om kr 155 000 til forprosjekt «Leirvik fyrstasjon som arena for kultur og oppleving». I påvente av ny lending kom ikkje tiltaket i gong. Etter søknad gav Hordaland fylkeskommune utsetting for bruk av midlane i 2017 og 2018.

Haust og vinter 2017/18 har det vore arbeid på fyrstasjonen slik at husa ikkje har kunna vore i bruk. Pipeløpa skal reparerast, nye golv med varmekabler vert lagt i gang og kjøken, det blir montert ny kjøkkeninnreiing. Me søker difor om utsetjing for bruken av tilskottet til og med 2019.

I 2015 fekk kommunen overført kr 77 500. Midlane har vorte ståande på fond. Kr 19 785 var brukt i 2017 i samband med «Ope dag», med markering av ny kai og ulike kulturarrangement. Rest på fond er kr 57 715. I tillegg står rest på konto sjå fylkeskommunen.

OPNING AV DEN NY KAIEN



Den 11. juni 2017 markerte me den nye lendinga med «Open dag» ut til Midtøya og fyrstasjonen. Arrangementet var eit samarbeid med Venelaget for Leirvik fyr.

Nils Agasøster var leigd inn for å skysse folk ut til Midtøya. Det møtte langt meir folk enn forventa. Båten gjekk kontinuerleg mellom kaien på Leirvik og Midtøya.

Kaien var opna av varaordførar Nils Magne Blålid og blåsarar frå Stord Musikklag spelte på kaien.

I maskinhuset var det utstilling av kunstnaren Janne Robbestad. Bjørn Angell Berg som vaks opp på fyrtetasjen, lanserte boka «Leirvik fyr – vegvisar og heim». Toradertuppene frå Fitjar underheldt, og Venelaget sto for sal av mat og drikke.

Det vart ein flott dag der mange, også i godt vaksen alder, vitja Midtøya for fyrste gong. No ser me fram til å kunne ta i bruk fyrvaktarbustaden med nytt kjøken og innlagt vatn.



Rekneskap for bruk av tilskott

Transport, båt AGA søster	kr 16 000
Forsikring – utstilling med Janne Robbestad	kr 970
Toradertuppene frå Fitjar	kr 2 500
Materiell	kr 1 285
Husleige	kr 800
Administrasjon	kr 10 000
Dugnad	kr 10 000
Mva	kr 1 600
SUM	kr 43 155

Det er brukt kr 19 785 frå tilskottet KUP midlar. I oppsett for utgifter er det lagt inn kr 10 000 i kommunal administrasjon og same beløp i dugnadsarbeid. Tala er sikkert langt høgare. Overskot av inntekter for sal av mat gjekk til venelaget. Omkostningane er difor ikkje teke med i rekneskapet her.

Stord 21.mars 2018

Guri Andresen Aksnes
kulturkonsulent/nestleiar Kulturtenester